

# Retningslinjer for tilrettelagt transportordninga (tt-ordninga) i Telemark

## 1. Føremål:

Tt-ordninga er ikkje eit lovfesta tilbod. Likevel gis det av dei fleste fylkeskommunane i Noreg eit slikt tilbod. Ordninga i Telemark er beregna på personar som på grunn av sterk og varig forflytnings- og/eller orienteringshemming, ikkje kan nytte ordinær kollektivtransport.

Føremålet er å gi eit transporttilbod til sosiale føremål for denne gruppa. Ordninga skal ikkje brukast til reiser som dekkjast av andre ordningar (NAV gir informasjon om andre ordningar, som til dømes helsereiser).

## 2. Tilbodet:

Ein dør-til-dør-transport med drosje, som betalast med eit førehandsoppfylt betalingskort (tt-kort).

## 3. Brukargodkjenning:

**Tt-kort gis til personar mellom 12 og 67 år, som har sterk og varig forflytnings- og/eller orienteringshemming.** Dersom ein har fått brukartillatelse før fylte 67 år, vil denne automatisk fortsette etter 67 år (med mindre det skjer endringar i brukarstatus, se punkt 11). Blinde eller sterkt svaksynte og/eller permanent rullestolbrukarar kan bli vurdert som tt-brukarar også etter fylte 67 år. Brukargodkjenning krev gyldig legeerklæring på at ein er sterkt og varig forflytnings- og/eller orienteringshemmet.

## 4. Institusjonsbebuarar:

Personar som bur på institusjon kan ikkje bli godkjend som tt-brukar. Som unntak gjelder unge funksjonshemmede midlertidig plassert på institusjon.

## 5. Bil:

Personar som har trygdefinansiert bil kan ikkje godkjennast som tt-brukarar. Personar som sjølve er i stand til å kjøyre bil kan ikkje bli godkjend som tt-brukar.

## 6. Ektefeller/familiemedlemmar:

Der kor begge ektefeller og/eller fleire familiemedlemmar søker om tt-kort, og innfrir kriteriene til ordninga, behandlas kvar av personane individuelt.

## 7. Tildeling av reisetilskot til tt-ordninga:

Kommunane vidarefordelar midlar til brukarane, etter satsar fastsatt av Telemark fylkeskommune.

Brukarar med behov for spesialbil får eit ekstra tilskot.

Brukarar som bur meir enn 20 km frå nærmaste senter får eit ekstra tilskot.

## 8. Kor gjeld tt-ordninga?

Ordninga gjeld for reisar i Telemark. Bruk utanfor eget fylke må avklarast med drosjesentralen på det aktuelle stedet. Det må gis beskjed ved bestilling av turen at det skal nyttas tt-kort.

**9. Søknad:**

For å bli vurdert som tt-brukar må søknadsskjema og legeerklærings skjema fyllast ut, og sendas saman med bilete av nyare dato i passfotostørrelse til kommunen. Skjemaene fås ved henvending til kommunen. Godkjent brukar vil få tilsendt tt-kort frå Rogaland Taxi AS. Korta er personlege og kan ikkje nyttas av andre.

**10. Klage:**

Dersom søknaden avslås, kan vedtaket påklagas. Klagen skal vere skriftleg og må begrunnes. Klagefrist er tre veker frå den dagen underretning om vedtaket er kome fram til søkar. Klagen sendes til kommunen.

**11. Opphør av tilbodet:**

Tildelt beløp gjeld for det aktuelle kalenderåret. Ny årleg søknad er ikkje naudsynt, men kommunen kan vurdere brukargodkjenninga på nytt. Dette gjeld ved endringar i brukarstatus, som til dømes busituasjon (avstand til senter, institusjon) eller trygdefinansiert bil. Dersom brukarstatus endrast, pliktar tt-brukaren å melde i frå om dette til kommunen. Dersom økonomiske rammer reduserast, og/eller vilkår for brukargodkjenning endras, kan brukaren miste tilbodet.

**12. Bestilling av tur og betaling:**

Transporten bestilles hos drosjesentralen. På stader utan drosjesentral, kontaktas den enkelte drosjeløyvehaver direkte. For kvar tur må tt-brukaren betale ein eigenandel. Brukaren kan velge å betale ein høgare eigenandel for å strekke ut beløpet.

**13. Ledsagerbevis:**

Personar som har ledsagerbevis, kan ta med seg ledsager gratis.

**14. Tap av tt-kort:**

Tap av tt-kort skal meldast i frå til Rogaland Taxi AS, og evt. kommunens saksbehandlar, så snart som mogleg.

**15. Misbruk av tt-kort:**

Misbruk av tt-kort i henhold til desse retningslinjane vil medføre umiddelbar inndragning av brukargodkjenning og tt-kort. Vidare vil det være mogleg for kommunen og fylkeskommunen å vurdere erstatningskrav.

**HAR DU SPØRSMÅL OM ORDNINGA?****Kontakt**

Rita Tuften Metveit  
avdelingsleiar  
Aktivitetsavdelinga  
350 67 162